



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 5/2021

Møtedato: 24.3.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Endringar i godtgjersle for fjellstyret

Godtgjersle til fjellstyret blir betalt av fjellkassa, men storleik på møtegodtgjersle blir vedteke av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret (fjellova §7). Etter framlegg frå fjellstyret vedtok kommunestyret i sak 40/2009 at fjellstyret følgjer reglement for godtgjersle til folkevalde i Vestre Slidre kommune og at fjellstyreleiar har godtgjersle som utgjer 3,5% av rådmann si lønn. Formannskapet har i sak FS-025/21 vedteke framlegg til endringar i godtgjersle til folkevalde og saka er lagt ut til ettersyn. Ev. endringar i kommunal godtgjersle vil ha verknad for godtgjersle til fjellstyret.

Fjellova § 7: Fjellstyremedlemene skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jf. § 11. Er det ikkje tilstrekkelege midlar i fjellkassa, vert godtgjersla utgreia av kommunekassa.

Formannskapet har foreslege følgjande endringar i reglement for folkevalde:

FS- 025/21

Vedtak: 1). Formannskapet foreslår å endre § 3 og § 5 (pkt 5.1) i gjeldande «Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vestre Slidre» til å lyde slik:

§ 3 Møtegodtgjersle

Folkevalde som deltek i kommunestyre, formannskap og andre utval skal ha ei møtegodtgjersle på 1,2 promille av ordføraren si årsgodtgjersle på møter som varer 3,5 timar eller meir inklusiv køyretid. Møter som varer under 3,5 timar inklusiv køyretid utløyser halv møtegodtgjersle (0,6 promille av ordføraren si årsgodtgjersle). Møtegodtgjersla dekkjer også saksførebuing. Reglane om møtegodtgjersle gjeld også ved synfaringar og liknande.

§ 5 Vederlag for tapt arbeidsforteneste

5.1 Generelt

Folkevalde som har hatt faktisk tap i arbeidsinntekt ved å måtte ta seg fri frå inntektsgjevande arbeid for å møte som folkevald, har rett til erstatning for tapt arbeidsforteneste.

Krav om slik erstatning må fremjast elektronisk (jfr. § 7) etter reglane for ulegitimert eller legitimert tap i arbeidsinntekt (jfr. 5.2 – 5.3)

Ved dagmøte i kommunestyre, formannskap og andre utval som varer 3,5 timar eller meir, får dei folkevalde vederlag for tapt arbeidsforteneste tilsvarende 7,5 timar pr. dag. Ved møter som varer under 3,5 timar inklusiv køyring, vert det utbetalt tapt arbeidsforteneste tilsvarende 3,5 timar.

Ved møter for folkevalde som vert utvida med befaringar eller liknande, bør det avklarast på førehand korleis dette skal godtgjerast. 2). Formannskapet vedtek å legge nytt framlegg til «Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vestre Slidre» ut til høyring med høyringsfrist 08.04.21. Forskrift med eventuelle høyringsuttale vert deretter handsama i kommunestyret, før innsending til kunngjering på Lovdata.

Endring gjeld møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for korte møter under 3,5 time inkl. reise. Satsane blir halverte samanlikna med gjeldande reglar. Det er naturleg at fjellstyret følgjer dei endringar som kommunen vedtek for sine folkevalde.

I reglement for fjellstyret er godtgjersle til fjellstyreleiaren knytt opp mot rådmannen si lønn og godtgjersla ligg i dag på ca. kr 35.000. Det vore naturleg å knytte fjellstyreleiaren si årleg godtgjersle opp mot same grunnlag som anna godtgjersle folkevalde har. Dagens godtgjersle svarar til ca. 4,75 % av ordføraren si lønn.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader formannskapet sitt framlegg til endringar. Fjellstyret tilrår vidare at godtgjersle til fjellstyreleiar blir endra til 4,75% av ordførar si lønn.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader formannskapet sitt framlegg til endringar. Fjellstyret tilrår vidare at godtgjersle til fjellstyreleiar blir endra til 4,75% av ordførar si lønn.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.3.21

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: